



Skulebrua får nytt dekke snart og det gjer også Hauglandsbrua

I veke 35 vil det bli lagt nytt dekke på Skulebrua og Hauglandbrua, får uskedalen.no opplyst av byggeleiaren, Melake Gebremichael. Dei 2 bruene vart opprusta tidlegare i sommar av landets kanskje mest avanserte firma på rehabilitering av bruer - BMO Entreprenør - som har basen sin i Kongsberg. Men sjølv dekkeleggjinga har stått på vent.



[Krigsskaden på Skulebrua - no vert den borte](#)

Byggeleiaren antar at leggjinga vil ta 4-5 dagar og den vil tildels gå parallellt. Det vil verta aktuelt med streng trafikkdirigering når arbeidet pågår. Trafikken vil dirigerast opp på den eine sida av elva og ned på den andre, men her set den svakare kommunale vegen grenser for trafikken med tunge køyretøy, presiserar byggeleiaren. Det vert aktuelt å sleppe laus trafikken ein time om gongen.

Det er allereie plassert skilt om trafikkrestruksjonane i Odda og Rosendal, men ikkje i sjølve Uskedalen er det førebels ikkje noko skilt. Det har forundra trafikantane, men byggeleiinga lovar at skiltinga no skal skje snart.

Som eit kuriosum kan nemnast at krigs-skaden på Skulebrua no vil verta borte. Det var 20. april 1940 nordmennene forgjeves freista å sprengja brua og sidan har det vore ein godt synleg skade på ho.

Det har også vore 2 andre humpar i asfalten og det har ikkje vore nokon behageleg passering av denne sterkt trafikerte brua.

Passeringa har tildels gått ut over bilane, som har mista hjulkapslar og anna.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen